



Innspel til diskusjon
Ulike skular

INNSPEL TIL DISKUSJON

Desse diskusjonsfilmene presenterer ulike syn og meningar på ymse problemstillingar. Personane som er intervjuar er lærarar eller tilsette på Naturfagsenteret som har delteke i filmarbeidet.

Uteskole

Uteskule er eit omgrep som syner til at undervisninga skjer utandørs. I ute-skulen kan naturfag vera eit viktig element, men treng ikkje vera det. Leik, oppdagarglede, sosialt samspel, fellesopplevingar i naturen og fagleg læring. Dette er alle sider ved uteskulen. I denne filmen er det uteskule og naturfagundervisning som vert diskutert.

Spørsmål til diskusjon

Kva kjenneteiknar den gode naturfaglege uteskulen?
Korleis kan du som lærar få til meir uteaktivitetar i naturfag?
Kva kan du gjera for at den naturfaglege læringa er tydeleg i uteskulen?

Undring

Undring er ei motiverande kraft i all undervisning, og det nye hovudområdet *Forskarspiren* oppmodar til undring og filosofering kring naturvitskapelege spørsmål.

Spørsmål til diskusjon

Kvifor er undring viktig i naturfag?
Korleis kan du som lærar leggja til rette for undring i naturfag-undervisninga?
På kva måtar kan elevane si undring vidareutviklast til fagleg læring?

Tverrfaglighet

I den førre læreplanen var tema- og prosjektarbeid obligatoriske arbeidsmetodar. Særleg på 1.–4. trinn er det tradisjon for tverrfagleg arbeid. Men i Kunnskapslyftet er ikkje føringane for tverrfagleg undervisning like tydelege lenger.

Spørsmål til diskusjon

På kva måtar opnar Kunnskapslyftet tverrfagleg arbeid?
I kva samanhengar og emne vil det vera naturleg å integrere naturfag i tverrfagleg arbeid?
Korleis kan den naturfaglege delen verta synleg i eit tema- eller prosjektarbeid?



Trenger vi læreboka?

I kva grad er det trong for lærebok i naturfag på 1.–7.trinn? Er det best om læraren fritt kan velja undervisningsmetodar og læremiddel utan føringar frå læreboka? Eller er det ei større føremon å ha læreboka å støtta seg på – for læreboka sikrar den faglege progresjonen?

Spørsmål til diskusjon

I kva grad bør læreboka styra undervisninga?

Korleis bør tilhøvet vera mellom aktivitetar/forsøk og lesing/løysing av oppgåver i læreboka?

Kva kjenneteiknar ei god lærebok i naturfag?

På kva måtar kan læreboka brukast i naturfagundervisninga?

Grunnleggende ferdigheter

I Kunnskapslyftet er dei fem grunnleggjande dugleikane, å kunna uttrykka seg munnleg, å kunna lesa, å kunna skriva, å kunne rekna og å kunne bruka digitale verkty, integrert i kompetansemåla og skal bidra til utvikling av fagkompetansen.

Spørsmål til diskusjon

På kva måtar kan naturfagundervisninga stø opp om dei ulike grunnleggjande dugleikane? Korleis kan dei grunnleggjande dugleikane vera med på å gjera naturfagundervisninga betre?

Å være naturfaglærer

I denne filmen fortel fem lærarar om det å vera naturfaglærer. Dei fem lærarane er:

Kristin Ruud (Jessheim skole og ressurscenter),

Thomas Bedin (Åsgård skole),

Geir Haugland (Janslökka skole),

Anne Syrdahl Grette (Nærnes skole)

og Hilde Haugland (Janslökka skole).

Spørsmål til diskusjon

Korleis synest du det er å vera naturfaglærer?